

Til
Samferdselsdepartementet

Høyringsuttale – Grunnlagsdokument Nasjonal Transportplan 2018-2029

Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Haugaland Vekst Regionråd har drøfta grunnlagsframlegget til NTP 2018-2029. Regionråda tek utgangspunkt i at det går to nasjonale hovudvegsamband, E 39 Kyststamvegen og E 134 Haukelivegen, gjennom regionane.

E 39 Kyststamvegen (Korridor 4)

Realisering av ein ferjefri kyststamveg E39 er ei sentral arbeidsoppgåve for regionråda i Sunnhordland og på Haugalandet.

Arbeidet med kommunedelplan/reguleringsplan for dei ulike strekningane pågår. Planleggingsmidlar og investeringsmidlar bør setjast av i NTP slik at utbygging av kyststamvegen kan vidareførast samstundes med, og i forlenging av Rogfastprosjektet.

E 134 Haukelivegen (Korridor 5)

Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Haugaland Vekst har ved fleire høve peika på at E134 er den viktigaste aust-vest korridoren for Hordaland og Rogaland. Heilskapstenkinga i aust-vest utgreiinga må visa igjen i prioriteringane i NTP.

Prosjekta Røldal-Seljestad og Vågsli-Røldal ligg inne som nye prosjekt i alternativet med høg ramme i slutten av NTP-perioden. Bakka-Solheim er ikkje nemnt.

Aust-vest utgreiinga viser at samfunnsnyttan for E134 Haukelivegen som aust-vest samband, med «arm til Bergen», er særst positiv. Dette må vektleggast, slik at gjennomføring av alle desse tre strekningane vert prioritert opp og sikra så tidleg oppstart som mogleg. Røldal-Seljestad bør vera første byggetrinn og Bakka-Solheim omtalast som nytt prosjekt med planlegging og oppstart i perioden.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Haugaland Vekst Regionråd ber om at NTP legg inn analyse (KVV) for traséval for «arm til Bergen», slik Statens vegvesen peika på i aust-vest utgreiinga.

Geografisk må dette omfatte både Sunnhordlandsdiagonalen (via Etne/Kvinnherad/Tysnes) og Hordalandsdiagonalen (via Odda/Jondal/Kvam).

Stord, 10. juni 2016

Peder Sjø Slettebø
Styreleiar
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Jarle Nilsen
Styreleiar
Haugaland Vekst

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift